

Referat frå møte 5 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	09.04.2025	Møtenr.:	5/2024-2025
Referent:	Magne Abelsen				
Tilstades:	Olav Skutle Lie (nestleiar elevråd), Ane Monsen Rong (leiar FAU), Anja Stigen Mikkelsen (nestleiar FAU), Stian Telle (kommunal representant), Tore Foldnes (rektor), Aina Kolstad (rep. lærar), Laila Nordvik (rep. lærar), Møyfrid Olsen (andre tilsette)				
Ikkje møtt:	Jonatan Eriksson-Kvalvik (leiar elevråd)				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	Rektor gjekk gjennom følgande dokument som vart vedteken i kommunestyremøtet 15. mai 2025 - Retningslinjer for samarbeidsutvalet i Øygarden kommunale grunnskular - Retningslinjer for foreldrearbeidsutvalet i Øygarden kommunale grunnskular - Forskrift om permisjonsreglement frå grunnskuleopplæringa i Øygarden kommunale skular - Forskrift om skulereglar og skuledemokrati for Øygarden kommunale skular Rektor oppmoda FAU om å drøfte punkta knytt til mobiltelefonar og smartklokkar og kva FAU tenkjer om at skulen opprettar mobilhotell i klassane. Aina som tilsettrepresentant vidarebringer eit ønskje frå elevar om fleire sykkelstativ.	
Saker frå SFO:		
Saker frå elevrådet:		
Saker frå FAU:	FAU-leiar Ane har laga ei oversikt over kva oppgåver FAU har tatt på seg og gjennomført. Det er ei lang og imponerende liste med arrangement, deltaking og økonomiske bidrag som vitnar om eit stort engasjement til beste for elevane og skulen.	

	Spørsmål knytt til symjeopplæring: Klarar skulen å sikre at alle elevar lærar å symje? Er det mogeleg å søkje om midlar til å sikre at alle elevar lærar å symje? Vår skule har symjing på 2. trinn, 4. trinn og 7. trinn då det ligg kompetansemål i kroppsøvingsfaget. Det er offentleg symjing to kveldar i veka. Symjeklubben har gode kurs for symjeopplæring, og der er det og mogeleg å søkje om økonomisk stønad.	
--	---	--